

Arkivnr: 2017/121-89

Saksbehandlar: Hanne Espe

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.09.2017

Klage på vedtak - tildeling av tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge 2017**Samandrag**

Det er motteke klage 30.5.2017 frå Knarviksmila AKS 77 på vedtak i sak om tildeling av tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge PS 60/2017 som vart handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling 26.04. 2017.

Knarviksmila AKS 77 søkte om tilskot til Ungdomsmila, som er eit arrangement i samband med den årlege Knarvikmila. Søknaden fekk avslag. Klagen går på grunngevinga for avslaget: «liten overføringsverdi. Ikkje fokus på lavterskel». I den mottekne klagen er det lista opp mange punkt med tilleggsinformasjon om Ungdomsmila, som m.a. peikar på element ved arrangementet som underbygger både overføringsverdi og lavterskel.

Svar på klage:

Grunngevinga i saksframlegget er lite utfyllande, og skulle vore meir tydeleg. Løpet, som har vore arrangert i 10 år, vert sett på som ein del av drifta til Knarvikmila. Ordninga med tilskot til lavterskel tiltak har fokus på utvikling og gode modellar, og skal ikkje gje tilskot til drift. Handsaminga av denne søknaden vart sett i samanheng med at arrangementet fekk avslag på tilsvarende søknad i 2016. I vurderinga frå 2016 vart det peika på at delar av tiltaket fall inn under ordninga - at det er positivt med samarbeid med viktige samfunnsaktørar. Det vart i tillegg peika på at det ikkje er lavterskel å delta i mosjonsløp og at løpet etterkvart vert rekna som rein drift. Tilskotet som vart løyvd i 2016 var retta mot utvikling av samarbeidsmodellen mellom miljø, trafikktryggleik og fysisk aktivitet.

Søknaden i 2017 vart handsama som ei vidareføring av tidlegare arrangement, og vurdert som del av drifta til Knarvikmila, med vedtak om avslag.

Politisk sak, søknad frå Ungdomsmila og klage frå søkjar er knytt til saksframlegget.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling opprettheld tidlegare vedtak i saka. Vurderinga vert utvida med følgjande tekst: Arrangementet vert rekna som ein del av drifta til Knarvikmila.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.08.2017

Her startar saksutgreiinga